



BACHELOROPPGÅVE

Familielivet i Zambia

Av

Per Christer Sivlesøy Norekvål

Familylife in Zambia

Global Knowledge
Emnekode: GK302 000
Mai 2009!

Innhold

Innhold	1
1. Samandrag.....	2
1.1 Summary.....	3
2. Innleiing	4
3. Metode	5
3.1 Val av metode og respondentar	5
3.2 Fordelar og ulemper	6
4. Teoridel.....	7
4.1 Ulike familietypar og formar	7
4.1.1 Kjernefamilie	8
4.1.2 Utvida familie	8
4.1.3 Stefamilie og skilsmisses	8
4.1.4 Adoptivfamilie	9
4.1.5 Homofilt partnerskap	9
4.1.6 Polygami og Bigami	10
4.2 Roller i familien.....	12
4.2.1 Den komplementære familien	13
4.2.2 Den symmetriske familien.....	14
4.2.3 Slektslinje(Lineage) og slektskap	14
4.3 Rammeplan	15
4.4 Kultur	16
5. Empiri	19
5.1 Intervju	20
5.2 Observasjon	30
6. Drøftingsdel	31
6.1 Ein typisk Zambisk familie	31
6.2 Rollene i familien	33
6.3 Ulike familietypar	34
6.4 Betydninga av ulike familietypar	36
6.5 Korleis familien blir presentert i skulen	37
7. Avslutning	38
8. Litteraturliste	40
Vedlegg	42

1. Samandrag

Bakgrunnen til kvifor eg valgte temaet familie er observasjon gjort i praksis. Læraren la fram ein familie som mor, far, son og dotter for barna. Vidare blei rollene presentert som oppdelt etter kjønn. Kvinna var den som skulle vere heime og ta seg av husholdningen og barna. Far var den som skulle arbeide og tene pengar for å forsørge familien. Vidare tenkte eg på om det verkeleg er slik ein familie er i Zambia. Finnes det ikkje andre familietypar enn det som blei presentert for barna? Viss andre barn lever i andre typar familiar blir det ikkje feil å presentere kjernefamilien som ein absolutt familie? Gjennom desse tankane kom eg fram til ei problem stilling for denne bachelor som lyder slik:

- Korleis familielivet verkelig er i Zambia i forhold til korleis den blir presentert i skulen?
 - Kva er ein typisk Zambisk familie og kva roller har dei ulike individua?
 - Kva familietypar finner me i Zambia og kva er forskjellig frå Noreg?
 - Kvifor skal homofili vere ulovlig i Zambia når det er lovlig i Noreg, medan på den andre sida er polygami ulovlig i Noreg men lovlig i Zambia?
 - Kvifor er det viktig å ha kjennskap til ulike familietypar?

Gjennom relevant teori og innsamling av empirisk data har eg forsøkt å svare på dette.

Metoden som eg valgte var kvalitativ metode gjennom intervju. Eg snakka med mange ulike folk og fekk synspunkt og meiningar som gjor at eg vidare vurderte dei som intervju objekt. Teori har eg samla etter kom tilbake til Noreg, grunna at bøker i Zambia var gamle og utdaterte.

Dei viktigaste funna mine var at familielivet er i endring grunna at samfunnet er i endring. Den vanlegaste familieforma i Zambia er den utvida familien, men har gått i retning til å bli kjernefamilie grunna globalisering og innflytelse frå andre klturar. Rollene i familien vil og endre seg deretter. Det er stor skilnad på Zambia og Noreg når det kjem til familie typar. Noreg har lov mot polygami og Zambia har lov mot homofili som er den største kontrasten. Stefamilien er ei familieform i Zambia som er vanleg, dette er i storgrad grunna sjukdom og dødsfall blant ein av foreldra, men og fordi det blir meir vanleg å skilje seg enn det som før var vanleg. Samfunnet endrar seg i den retning at tradisjonane ikkje blir like gjeldande som før. Sambuarskap som er vanleg i Noreg er ikkje vanleg i Zambia, men når dei nye generasjonane bryt med tradisjonane vil dette muligens kome fram som ei ny familie form.

1.1 Summary

The reason why i chose the topic family is base on observation in my practice at a pre-school. The teacher presented a family as mother, father and son and daughter for the students. The roles in the family were divided by gender. The mother should stay at home and attend to the children and the household. The father is the provider and should earn money for the family. Further I thought about if that is typical for a Zambian family. Does it exist more family types than the one presented for the children? If other children live in other family types than the nuclear family, wouldn't I be wrong to paint such a picture that the nuclear family is absolute? Through these thoughts I came to an approach to the problem in this bachelor:

- How is family life really in Zambia compared to how it's presented in school?
 - What is a typical Zambian family and what are the roles for the different individuals?
 - What types of family can we find in Zambia compared to those in Norway?
 - Why should homosexuality be illegal in Zambia when it's legal in Norway, while Polygamy is legal in Zambia but illegal in Norway?
 - Why is it important to have knowledge about different family types?

I have tried to answer this problem through relevant theory and empirical data. The method I used was qualitative method approach through interview. I talked to a lot of different people and got opinions and views which i further used to contemplate the ones I wanted to interview. I collected the theory when I came back to Norway, because the theory books in Zambia were old and outdated.

My most important findings where that family life in Zambia is going through a change due to changes in society. The most common family type is the extended family, but due to globalization and influence from other cultures it has moved in the direction of becoming a nuclear family. The roles in the family will therefore change as well. It is a big difference between Norway and Zambia in family types. Norway has a law against polygamy and Zambia has a law against homosexuals as the biggest contrast between the two countries. Step families are common due to the high disease rates and death among parents, but also because it is more common to get a divorce now than before. The society is changing in a direction that the traditions isn't as valid as before. Cohabitants is a family form that is common in Norway but not common In Zambia. When the younger generation breaks with the former traditions there might appear I new family form.

2. Innleiing

Mange kan stille spørsmålet om kva ein familie eigentleg er, å finne ein enkel definisjon på det kan vere vanskeleg og ikkje heilt dekkande. Dersom du spør nokon tilfeldige vil dei mest sannsynlig svare mor, far og deira barn. Grunnen til at det er vanskeleg å definere ein familie er samfunnsutviklinga der det har utvikla seg fleire familietypar. Familietypane har ikkje berre vore i endring i ulike samfunn, ulike familietypar er også veldig ulike frå kultur til kultur. Dette er noko eg ynskjer å kome vidare inn på då eg i denne oppgåva vil problematisere familielivet i Zambia og korleis den vert framstilt i skulen. Bakgrunnen for val av dette emnet er eit tre månadars praksis opphold i Livingstone, Zambia. Under dette opphaldet fekk eg oppleve korleis skulen presenterte familielivet for barna. Slik som det vert framstilt i skulen er det eit ferdig teikna bilet av mor, far og barn. Å gje barna eit innblikk og eit eksempel på begrepet familie er bra, men uheldig då det kan skape forvirring om kva ein familie er. Dette grunna ulike familie typar.

Problemstilling og underspørsmål for denne bachelor oppgåva er fylgjande:

- Korleis familielivet verkelig er i Zambia i forhold til korleis den blir presentert i skulen?
 - Kva er ein typisk Zambisk familie og kva roller har dei ulike individua?
 - Kva familietypar finner me i Zambia og kva er forskjellig frå Noreg?
 - Kvifor skal homofili vere ulovlig i Zambia når det er lovlig i Noreg, medan på den andre sida er polygami ulovlig i Noreg men lovlig i Zambia?
 - Kvifor er det viktig å ha kjennskap til ulike familietypar?

Me som kommande pedagogar i Noreg har gjennom rammeplan, undervisning og ikkje minst praksis lært betydinga av familien. I Noreg skal pedagogane ha eit tett og godt samarbeid med familien, då det ikkje berre er familien som oppdrar barna. I dag spelar også barnehagen ei viktig rolle i oppveksten til barna då barna tilbringer opp til ti timer om dagen i barnehagen. For at barnet skal ha eit godt oppvekstvilkår må me informere familien om barnets utvikling i barnehagen samt at familien må informere personalet i barnehagen om kva som skjer i heimen. Vidare har samfunnet endra seg mykje og folk har gått frå å tenka lokalt til globalt. Pedagogane må ta omsyn til alle dei ulike familietypane og deira bakgrunn, tradisjonar, nasjonalitet og liknande, då det er ulike nasjonalitetar i barnehagen. Pedagogane skal vere

opne for, imøtekommande og respekterande ovanfor alle typar familiar då dette er viktig for kvar enkelts barn oppvekst.

3. Metode

3.1 Val av metode og respondentar

Det finst mange definisjonar på kva ein metode er. Vilhelm Aubert har formulert metode slik: ”*En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme fram til ny kunnskap. Et hvilke som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder*”(Dalland 2007:81).

Eg har valt ein kvalitativ metode fordi eg meiner det var den beste metoden å velje for å belyse problemstillinga mi. Gjennom den kvalitative metoden har eg valt å bruke intervju og observasjon. ”*Formålet med det kvalitative forskings intervjuet er å få tak i intervjupersonens egen beskriving av den livssituasjon ho eller han befinner seg i*” (Dalland 2007:130). Intervju objekta som eg har valt å bruke skulle vere representativ ved forskjellige kjønn, sosial status, familie og alder. Eg ville intervju menneske med ulik sosial status då økonomi kan vere ein viktig faktor inn mot forskjellane i familietypane. Dei eg intervjuva var ikkje tilfeldige og vart ikkje intervjua berre fordi dei ville snakke med meg men fordi dei representerte ulikheitar i samfunnet. Det er desse ulikskapane eg ville ha tak i for å sjå om det medførte ulik oppfatning og meininger. ”*De kvalitative metodene tar i større grad sikte på å fange opp mening og opplevelse som ikkje lar seg tallfeste eller måle. Både kvalitatitt og kvantitatitt orienterte metoder tar sikte på å bidra til en betre forståelse av det samfunnet vi lever i, og hvordan enkeltmennesker, grupper og institusjoner handler og samhandler*” (Dalland 2007:82)

Den kvalitative observasjonen karakteriserast gjennom fire aspektar:

1. *Søker å oppnå en helhetsforståelse av det som observeres*
2. *Retter seg mer mot relasjoner og samspill mellom mennesker enn mot enkelt personer*
3. *Er prosessorientert, ser på den prosessen individet befinner seg i, og prøver å beskrive utviklingsprosesser for å få dybde og forståelse for de fenomenene som studeres*
4. *Har bevissthet om egen rolle i observasjonen*

(Dalland 2007:184)

Observasjonen eg gjorde, var i forbindig med praksis og den var ustrukturert og ikkje planlagt. Det var denne ustrukturerte observasjonen som danna grunnlaget for valet mitt av tema og problemstilling. Eg var ikkje sjølv deltagande i observasjonen men passiv.

Eg gjor førebredingar til kvart intervju ved å sjå gjennom intervju guiden eg hadde laga. Utifrå pilotintervjuet eg gjor i starten kom eg fram til endringar som måtte gjerast der spørsmåla ikkje var klare nok, eller det kunne virke fornærmande. Då eg møtte informanten for fyrste gong fortalte eg litt om kva eg skulle skrive om og bakgrunnen for val av tema. Eg har valt å holde alle namna anonyme ettersom dei fortel mykje om sine privatliv, men oppgjev kjønn, alder og sosial status. Intervju guiden satt eg opp som ferdig formulerte spørsmål, men det var rom for å kome med oppfølgingsspørsmål og la informanten snakke fritt. Det vart meir ein form for halvstrukturert plan. Etter intervjuet kunne informanten stille meg spørsmål dersom det var noko han eller ho lurte på. På denne måten vart det ein utveksling av tankar og idear, skilnadar og likskapar mellom kulturar, noko me begge fekk utbytte av.

3.2 Fordelar og ulempar

Eg ser i ettertid at eg kunne nytta ein kombinasjon av kvalitativ- og kvantitativ metode. Det den kvantitative metoden kunne gitt meg var ein oversikt over mengde av familietypar som eg kunne talfesta og sett den kvantitative variasjonen. Men eg ville hovudsakeleg ha tak i meiningsane og holdningane til menneska og for å få dei måtte eg gå i djubden og få forståing for familie synet. Eg hadde heller ikkje i stor nok grad innsikt i familielivet i Zambia, derfor har eg sett vekk i frå den kvantitativ metoden og konsentrert meg om den kvalitative.

I pilotintervjuet eller ”test intervjuet” tok eg og Silje med to lærarar som hadde oss i praksis, på restaurant for å takke for veiledning og hjelp gjennom praksisen, men og for å gjennomføre det fyrste intervjuet vårt. Eg fekk god tilbakemelding om at spørsmåla ikkje var krenkande for nokon, men at dei kunne vere vanskelege å svara på. Problem med å sitte på restaurant var at me var to intervjuarar og to informantar. Det enda med at dei snakka mykje mellom seg og mista av og til fokus på intervjuet. Det viktigaste eg lærte frå dette var å ikkje ta med dei andre informantane på middag eller liknande medan me gjennomførte intervjuet.

I forhold til intervju om polygami skulle eg ha intervju med to av kvart kjønn. Intervju objekta som eg valde ut oppretthaldt ikkje dei avtalane som vart gjort, noko som resulterte i at eg fekk berre eit intervju med ei kvinne. Eg fekk ikkje oppretta direkte kontakt med menneske i polygame miljø så dette forgjekk gjennom ein tredje person. Det var dette bindeleddet som svikta ettersom intervju vart utsett og kansellert. Mangelen her er at eg ikkje får med synet på

polygami frå eit mannsperspektiv som lever i eit polygam ekteskap. Språket i intervjuet med kvinnen medførte ulike problem då ho ikkje var sikker på engelsk og nytta eit lokalt språk. Eg sikra meg dermed ved å bruke tolk som oversette for meg. Dette gjor at det kan ha oppstått misforståingar mellom intervju objektet, tolken og meg. Utan tolk ville derimot ikkje intervjuet vore mogleg.

4. Teoridel

4.1 Ulike familietypar og formar

Ordet familie kjem frå det latinske ordet *familia* som betyr husstand, eller "*dei som bur i huset saman*"(Fossen,1994). Larsen & Slåtten har definert ein familie slik: "*Med familie menes først og fremst alle en er i slekt med, for eksempel foreldre, søskjen, besteforeldre, onklar og tanter, søskaben barn og så videre*"(Larsen & Slåtten2006:68). Dette er ein definisjon som gjev eit bilet av kva ein familie er, men den er ikkje fullstendig dekkande. Dette er fordi "*familier består av en avgrenset gruppe mennesker som inngår i sosiale og følelsesmessige relasjoner, og som ofte bor i same hushold*"(Bratterud&Emilsen,2002)

I følgje Bratterud&Emilsen er det ikkje alle familietypar som har som har blitt namnfesta. I slike samanhengar nyttar ein seg av ulike beteikningar som til dømes:

Ekteskapsfamilie- Denne formen er samliv mellom heterofile par som lever i formelt viet samliv, både med og utan barn. (Bratterud&Emilsen 2002:44)

Samboerfamilie- Betegner samboende par, både homofile eller heterofile. Det kan stilles spørsmål om betegnelsen inkluderer par uten barn. (Bratterud&Emilsen 2002:44)

Gjengiftefamilie og stefamilie- Disse betegnelsene bruker om hverandre med samme meningsinnhold hvis partnerene har barn som bor sammen med dem. Formen betegner en nyestablering av en familie, der enten 'en eller begge har vært i samliv tidligere. (Bratterud&Emilsen 2002:44)

Særbofamilie- Betegner partnere, gift eller ugift, med eller uten barn, som ikke bor sammen hele tiden. Man har to etablerte hushold og veksler mellom å bo sammen i ett av husholdene eller hver for seg i hvert sitt hushold. Kjærestelasjonen er til stede mellom de voksne. I praksis betyr dette at man veksler mellom en form for ensligtilværelse og en mer tradisjonell familietilværelse. (Bratterud&Emilsen 2002:44)

4.1.1 Kjernefamilie

Bratterud &Emilsen har kategorisert dei ulike familietypane ved å dele dei opp i to kategoriar, kjernefamilien og tokjernefamilien. Kjernefamilien vert som oftast sett på som eit heterofilt gift par med felles barn. I dagens samfunn gjeld også denne forma par som lever i sambuarskap. Det er denne familietypen som har vore den mest dominerande i moderne tid, og blitt nytta som modell i diskusjonen om familie. Tokjernefamilien er ei familieform som vert danna etter at kjernefamilien er blitt oppløyst. Døme på dette kan for eksempel gjelde ved skilsmisse der kvar part startar på nytt med nye partnarar der dei dannar nye familiar, eller ved separasjon der kvar part bur i forskjellige hus (Bratterud&Emilsen2002). ”*Sosiologen Giddens (1997) definerer kjernefamilien som en familie bestående av to voksne som bor sammen i et hushold med sine egne eller adopterte barn. I giddens' definisjon oppfattes det som kjernefamilie også når de voksne er av same kjønn, og barna kan være adopterte, enten av begge foreldrene eller av den ene*” (Larsen&Slåtten 2006:68). Det er denne familie forma som ofte vert presentert som den ideelle og normale familie forma.

Framveksten av den Borgarlige familien kom gjennom framveksten av industrisamfunnet og kapitalismen. Det er denne familieforma som danna grunnlaget for det som vart den moderne kjernefamilien. Det var i denne perioden at begrepet barndom vaks fram og vart til ein eigen periode i barns liv. Barna vart ikkje lenger betrakta som små voksne som kunne vere i arbeid men i staden ei gruppe som har eigne behov. Kvinnene vart meir tilknytt hus arbeid og fritekne frå utearbeid og økonomi (Bratterud&Emilsen2002).

4.1.2 Utvida familie

Det som i Noreg vert betegna som stor familie eksisterte først og fremst i det før- industrielle samfunnet. Det var ikkje vanlig at det var tre generasjonar som budde under same tak og det vart betegna som ei myte at det var mange som levde i storfamiliar. Det var vanleg å få mange barn og det var sjeldan plass til besteforeldre, levetida var kort og folk gifta seg ofte seint. Årsaka til at familiar levde saman i ein stor familie var som regel grunna därleg økonomi (Larsen&slåtten 2006).

4.1.3 Stefamilie og skilsmisse

Stefamilie er ikkje eit nytt fenomen, det oppstod tidleg som følgje av dødsfall i familien. I dag er det mange voksne som går frå kvarandre og inn i eit nytt samliv, det resulterer i at mange barn opplever å få ein steforelder inn i livet sitt og får fleire foreldrefigurar enn tidlegare. Ein steforelder er ein som bur saman med barnet til vanleg men har inga biologisk tilknyting. Det

er ikkje sjølvsagt at barnet vil sjå på den nye sambuaren eller ektefellen som ein foreldrefigur og rolla er ikkje gitt. Det er ulike typar stefamilie, stefarfamilie, stemorfamilie, og to steforeldre. Det kan vidare vere ste, samværs og vanlig forelder. I ein stefamilie kan det vere to foreldre som begge har barn frå eit tidlegare ekteskap eller sambuarskap og då vert begge partar steforeldre og dei kan seinare få sine eigne biologiske barn saman (Larsen&Slåtten 2006).

4.1.4 Adoptivfamilie

Noreg er blant dei landa i verda som har høgst antal kvinner som føder barn, men ligg og i toppen av statistikken når det gjelder adopterte barn frå utlandet. Dette viser at det er eit sterkt ønske blant nordmenn å leve i familiar med barn. Foreldre oppdrar barnet sitt ulikt, noen til å verte tokulturell, og andre legg stor vekt på at barnet er norsk. Mange foreldre er kan overfokusere på at barnet deira er annleis og trekker fram dei etniske og psykologiske forskjellane. Det er viktig at sjølv om barnet er adoptert så skal ikkje identiteten deira verte knytt til fødestaden, men den vert forma gjennom oppveksten. Barn som er adopterte er ikkje nødvendigvis annleis enn andre barn (Larsen&Slåtten).

4.1.5 Homofilt partnerskap

Nokon homofile foreldre har barn frå eit tidlegare heterofilt forhold, som einsleg eller innanfor eit homofilt forhold. *"Homofile blir utsatt for et krysspress mellom det normative i det å få barn og det normbrytende i å ikke få barn"* (Larsen&Slåtten 2006:87). Mange har lenge ansett homofile som ei gruppe som skal avstå frå å få barn. Etter partnerskapslova vart vedtatt i 1993, fekk homofile for fyrste gong moglegheita til å gjere samlivet sitt formelt, noko som medførte at dei fekk dei same rettighetane og pliktane som eit heterofilt ektepar. Men det dei ikkje fekk rett til var adopsjon og vigsel i kyrkja. Sjølv om homofile ikkje får adoptere så kan dei få barn utanfor partnerskapet. Den kvinnen eller mannen som ikkje er barnets biologiske far eller mor har ingen rettighetar ovanfor barnet som ved fødselspermisjon, sjukefråvær eller samværsrett. Forsking gjort på barn som bur saman med homofile foreldre viser at barna fungerer like godt sosialt som andre barn. Dei har heller ingen adferdsvanskar, gjer det like godt på skulen og vert ikkje mobba meir enn andre barn. (Larsen&slåtten 2006).

Endringar i ekteskapslova i forhold til homofilt partnerskap kom 1. Januar 2009. Denne endringa opna for at lesbiske og homofile fekk rett til å inngå ekteskap i likskap med

heterofile. I §1 i partnerskapslova kjem det fram at: *To personer av motsatt eller samme kjønn kan inngå ekteskap* (www.lovdata.no).

I kapittel 1 vilkår for adopsjon står det: **§ 5a.** *Den ene ektefelle kan med samtykke fra den andre ektefelle adoptere dennes barn hvis de er ektefeller av samme kjønn* (www.lovdata.no/).

I Zambisk lov kapittel 87 paragraf 158 kjem det fram:

158. (1) *Any male who, whether in public or private, commits any act of gross indecency with a male child or person, or procures a male child or person to commit any act of gross indecency with him, or attempts to procure the commission of any such act by any male person with himself or with another male child or person, whether in public or private, commits a felony and is liable, upon conviction, to imprisonment for a term of not less than seven years and not exceeding fourteen years.* (2) *Any female who, whether in public or private, commits any act of gross indecency with a female child or person, or procures a female child or person to commit any act of gross indecency with her, or attempts to procure the commission of any such act by any female person with himself or with another female child or person, whether in public or private, commits a felony and is liable, upon conviction, to imprisonment for a term of not less than seven years and not exceeding fourteen years* (www.parliament.gov.zm).

4.1.6 Polygami og Bigami

Ut i frå Det Store Norske Leksikon definerar dei polygami slik: *Polygami, flergifte, omfatter to ulike ekteskapsformer: mellom én mann og flere kvinner på en gang (polygyni), og én kvinne og flere menn samtidig (polyandri). Dette er forbudt ved lov i Norge, men en legal ekteskapsform i noen kulturer* (www.snl.no). Det same leksikonet definerar også bigami: *bigami, tvegifte, inngåelse av ekteskap eller partnerskap av en som allerede er gift* (www.snl.no/).

I følgje norsk lov er det berre lov å vere gift med ein person samtidig, og det er straffbart å praktisere, sjølv om lovene ikkje ordrett bruker ordena Polygami og Bigami. Dette kjem fram i ekteskapsloven § 4 der det står: *"Ingen kan inngå ekteskap så lenge et tidligere ekteskap eller registrert partnerskap består"* (www.lovdata.no/).

§ 220. *Den som inngår ekteskap i strid med ekteskapsloven §§ 3 eller 4, straffes med fengsel inntil 4 år. Var den andre ektefellen uvitende om at ekteskapet var inngått i strid med de*

nevnte reglene, kan fengsel inntil 6 år anvendes. Medvirkning straffes på samme måte. Med fengsel inntil 4 år straffes den, som bevirker eller medvirker til, at et ekteskap eller registrert partnerskap, som på grunn av de benyttede former er ugyldig, inngås med noen, som er uvitende om ugyldigheten (www.lovdata.no/).

Det kjem det også fram i ei stortingsmelding frå justis- og politidepartementet at eit slikt forbod gjeld alle norske statsborgarar og kan kunn oppløysast ved skilsmissa eller død. Det vert vidare slått fast at personar som kjem frå ein kultur der polygami er lovleg ikkje vert hørt om dei ynskjer å vere gift med meir enn ein person. Dette vil vidare bety at sjølv om du er gift med meir enn ein person vil du ikkje i Noreg få opphaldstillatelse eller grunnlag for forsoning med meir enn ei kone. Dersom du som Norsk statsborgar er gift i Noreg og reiser til eit anna land der fleirkoneri er lovlig, gifter deg med ei andre kone vil du bli straffeforfulgt når du kjem tilbake til Noreg sjølv om ekteskapet blir inngått i ein kultur der Polygami og Bigami er lovlig. Du vil ikkje bli straffe fylgt utover landets grenser (www.regjeringen.no/).

I boka til Sitali Lukama beskriv han korleis Polygami framleis er utbreidd i Zambia og at det er ein del av kulturen deira som dei eldre i landet set høgt. Det er særliig utbreidd blant stamma "Tongas" som er rangert som nummer ein når det kjem til polygami i Zambia. Andre stammer som praktiserer polygami er "Inamwangas" i den nordlige provinsen, "Nygengos" av "Aluyana". Denne stamma er ei klynge av etniske grupper som heldt til i den vestlige provinsen. Polygame menn med jordbruk som levebrød tar i bruk polygami for å erverve seg billig arbeidskraft på åkeren. Lukama beskriv at "Tongas" har danna seg mange hektar med land med denne forma for miniatyr slaveriarbeid (Lukama 2007).

Grunna "Customary laws" vert kvenna nekta den same stemmeretten som mannen. Denne forma for tradisjon er med å halde kvinnene nedtrykte og ikkje gje kvinnene dei same fordelane som mannen i samfunnet. Dersom ikkje kvinnene gjer motstand mot polygami vil ikkje samfunnet verte kvitt denne ekteskapsforma. Blant kvinner som er gift med ein mann er det mykje sjalusi som følgje av intern spenning og eigarskap av eigendommar. Dette har ført til mange dødsfall og skilsisser då det blant anna vert nytta heksekunst for å kvitte seg med rivalen eller mannen sjølv (Lukama 2007).

I Noreg har det dei siste åra vore diskusjonar om det skal opnast for fleirgifteri. Parti som unge venstre har gått inn for å få ei ny felles lov som er kjønnsnøytral og opnar for fleirgifte. Dette gjer at ekteskapslova må endrast. I ein artikkel frå P4 seier leiaren for unge venstre,

Anne Solsvik, at det er eit spørsmål om fri kjærleik, og det skal vere opp til kvar enkelt å bestemme kva samlivsform dei vel. Artikkelen viser også til land og stammer i Afrika der det er tradisjon med fleirkoneri, og at dette er noko som folk vil bekjempe då det er diskriminerande mot kvinnene. På dette svarer Anne Solsvik: *"Kvinnefrigjøring er en fortsatt en fane sak flere steder i verden, også blant liberale, men det rettferdiggjør ikke at staten skal gå inn og regulere livet til dem som selv ønsker å ha denne livsformen"*. Døme på polygame samliv kan ein også finne i Noreg, me får i artikkelen møte Jon som lever i samliv med kona Anikka og sambuaren Suzanne. Dei fortel om eit liv utan sjalusi, mykje kjærleik og ikkje minst tillit. Anikka og Jon opplevde det som uproblematisk å invitere ein tredjepart inn i heimen, og meinat at ein må følgje hjarta. Familien og vennane deira følte det var ukomfortabelt i byrjinga men har i seinare tid gjort seg vande med situasjonen (www.p4.no/).

4.2 Roller i familien

I følgje Lukama sine prinsipp vil eg vidare presentere korleis menn i Zambia er og kva roller dei tar på seg:

- Skal vere ein viljesterk kjønnsgruppe som i selskap med kvinner skal vere overlegen.
- Skal vere den som tar på seg all slags byrde i livet.
- Er eit individ som skal gå ut og finne seg ei kvinne å gifte seg med.
- Er eit individ som skal ta seg av og forsørgja partnaren sin.
- Skal vere bestemt spesielt i beslutnings situasjoner.
- Skal vete nødvendigheitene av å ta beslutningar for kva arbeid som skal gjerast og kvar dei skal bu i forhold til å få familien til å vekse fram.
- Skal bevise at det er mannen som forsørgjer familien betre enn kona.

Korleis kvinner er i Zambia og kva roller dei tar på seg:

- Er menneske som treng beskyttelse av menn.
- Er menneske som treng romantikk og kjærleik, sosial stønad og merksemnd.
- Ser fram til bekreftelse for kven dei er og deira eigenskapar.
- Treng for det meste eit godt, stabilt og konfliktlaust forhold.
- Trenger ofte samtaler med menn med ein viss klasse, gjennom råd, forslag og forsøk på romantikk.
- Behov for betre utsjånad ved bruk av mote, kle koder, hårstilar, kosmetikk, husholdningsartiklar og hygiene.

- Tar naturlig opp ansvaret som omsorgsperson betre enn menn.
- Setter veldig pris på å motta gåver og tilbod

(Lukama, 2007).

Når du gifter deg så gifter du deg ikkje berre med ein mann eller ei kvinne, men heile familien til partneren din. Familien er eit solid nettverk som skal støtte opp under dei familie medlemmane som ikkje klarer å ta vare på seg sjølv, om dei er handikappet eller gamle. Dette skal ikkje vere ein byrde for familien fordi det er ei gudgitt rolle. Det skal og vere rolla til individ i familien å hjelpe dei andre medlemmane økonomisk og materielt for å utvikle seg. Det er ein aukande tendens at familiemedlem gløymer andre medlem når dei opplever rikdom. Familien skal halde saman spesielt gjelder dette i krise tilfeller som dødsfall innad i familien der dei skal sørge saman. Det er i slike tilfeller familie viser seg frå den sterkeste sida ved å støtte og trøyste kvarandre. Familien er det viktigaste du har og gjev tryggleik og beskyttelse for framtida (Lukama 2007).

Sett vekk frå kjernefamilien og den utvida familien som er dei mest kjende så er det ein ny familieform som sakte veks fram. Denne familieforma består av små familiar som heldt til i tettbygde strøk rundt byar. Dei vil avskilje seg frå stammeforbindelsane og den utvida familien som er konsentrert i landsbyane. Dette er ein familietype som er veldig lik kjernefamilien, men er ulik ved at det er eit lågt antal barn. Forstyrring i økonomien er ein indirekte årsak til at denne type familiar veks fram. Nye familiar som består av far, mor og barn der dei ikkje har skikkeleg kontakt med besteforeldra har auka den siste tida (Lukama 2007)

4.2.1 Den komplementære familien

Den komplementære familien kan kjenneteiknast gjennom rollene i heimen der mor tek seg av hushaldet og far forsørgjar familien gjennom å arbeide å tene peng. Dei to partnerane skal utfylle kvarandre i forhold til kva oppgåver som må gjerast. I etterkrigstida vaks det fram ein ny familieform som vart kalla husmorfamilien. Rønningen definerer husmorfamilien slik:

Husmorfamilien kan altså beskrives som et forbruksbasert hushold, avhengig av en arbeidsdeling hvor hustruen ble forsørget av mannen, mot at hun hadde ansvaret for barnas og ektemannens helse og trivsel i et rent og sunt hjem, Hennes plass i hjemmet og utøvelsen av mors- og omsorgs- rolla, ble bestemt som et biologisk kall som hørte med til en kvinnes livsgjerning (Bratterud&Emilsen 2002:22).

I den komplementære familien eller husmor familien var far ofte ein fjern og distansert person. Han var i arbeid store delar av dagen og då han kom heim skulle han ha fred og ro til å samle krefter. Sidan mor var den som var heime skulle ho vere der for mannen, i forhold til mat laging, ringjering samt å ta seg av barna. Då kvar av foreldra ofte hadde sine faste roller, kunne dette gå ut over barna i forhold til at det ikkje var tid til dei. Dette er noko som varierte frå familie til familie, men problematikken var der og ofte vart barna sett til å leike med kvarandre (Larse&Slåtten 2006)

4.2.2 Den symmetriske familien

Mot 1970-tallet vart fleire og fleire mødre yrkesaktive då det vart meir vanleg at kvinner tok utdanning og satsa meir på yrkeslivet. Dette resulterte i at dei fekk færre barn. Ein anna faktor som spela ei viktig rolle her var endringar i arbeidsmarknaden der behovet for arbeidskraft vart større innanfor kvinnedominerte yrker.

Med dette begynte den komplementære familien å forsvinne og bevege seg mot den symmetriske familien, der det var meir lik rollefordeling. Dette gjorde at menn tok over fleire av pliktene i heimen som tidlegare hadde vert kvinnas ansvar. Dette var ikkje tilfelle i alle familiar og mange mødre opplevde at dei måtte arbeide dobbelt då dei måtte vere i lønna arbeid samt å ta seg av hushaldninga. Det er den symmetriske rollefordelinga som i dagens Norske samfunn er tydeleg. Begge parter deltar både på arbeidsmarknaden og i arbeid knytt til heimen. Men det er fortsatt eit skilje ved at menn er mest dominerande på arbeidsmarknaden og det er fortsatt kvinnene som gjer mest av husarbeid, sjølv om dette varierar mellom familiar (Larsen&Slåtten 2006)

4.2.3 Slektmlinje(Lineage) og slektskap

I det store norske leksikonet er slektmlinje ei betegning for slektskapsgrupper der alle medlemmane ser på seg sjølv som nedstamma frå ein og same stamfar eller stammor. Slektmlinjer er strengt unilineære avstamningsgrupper som betyr at i noen samfunn reknar slektskap anten utifrå farslinja som er patrilineær eller morslinja som er matrilineær. Slektmlinja er ein samanslutning mellom medlemmene som har felles rettigheitar til jord eller andre eigendalar. I enkelte samfunn kan grunnleggaren ligge så langt som 8-9 generasjonar tilbake i tid, og alle etterkommarane i ei avstamningslinje vil i visse situasjonar opptre som ei samla gruppe. Det som er karakteristisk for ættelinjer er at medlemmane fører avstamminga si tilbake til grunnleggaren, men ikkje i alle tilfeller der unilineære gruppene er for store (www.snl.no)

Slekskap er eit sosialt fenomen som byggjer på anerkjennelsen av eit sosialt band mellom foreldre og barn. Det trenger ikkje vere eit biologisk slekskap men kan til dømes vere adopsjon, svograr og liknande. I mange samfunn utanfor den industrialiserte verden spelar slekskap som ein sosialrelasjon ei stor rolle. Den skapar grupper og fordeler rettigheitar, plikter og kategoriserer menneska i samfunnet. Slekskapssystem varierer i dei ulike samfunna avhengig av kva ein identifiserar som slekskap. I mange samfunn vert slekskap som er basert på avstamming rekna i ei linje som er unilineært slekskap, og det gjer spesielle rettigheitar som fordeling av arv og materielle godar, rang og leiarskap, politiske og økonomiske rettigheitar. Patrilineært er den slekskap forma rekna ut frå farslinja som gjev slike rettigheitar. Matrilineært slekskap er rekna ut i frå morslinja og gjelder og dette men det betyr ikkje at kvinnene får fleire rettigheitar i samfunnet. I matrilineære system vert leiar og rang posisjonar overført frå ein mann til hans sisters son. På denne måten er det fortsatt mannen som har makta men den er overført gjennom kvenna. Sjølv i dei mest fremtredane unilineære slekskapsgruppene så vert både slekskap på mor og far sida anerkjend. I dei slekskap der ein ikkje har spesielle rettigheitar og plikter vil det ofte vere eit grunnlag for gjensidig vennskap, hjelp og samarbeid (www.snl.no).

Som ei motsetning til det uniliniære systemet er det bilaterale eller kognatiske slekt system som eksisterer i blant andre det norske samfunnet. Det er dei same type rettigheitane som vert overført gjennom både kvinner og menn, som til dømes gjennom arvespørsmål der du arvar både gjennom far og mor sine slektningar. Fram til 1970-åra blei familienamn overført patrilineært men kan no velje mellom patrilineært, matrilineært eller begge deler. Den gamelnordiske ætteorganisasjonen var og basert på det bilaterale systemet, men slektningar på farssida hadde arveretten over slektningar på morssida (www.snl.no).

4.3 Rammeplan

Rammeplan 1.6 Samarbeid med barnas hjem

"Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem" (barnehageloven § 1 formål) (Rammeplanen 2006:14).

"Barnehagen skal bistå hjemmene i deres omsorgs- og oppdragereoppgaver, og på den måten skape et godt grunnlag for barnas utvikling, livslang læring og aktive deltagelse i et demokratisk samfunn" (Barnehageloven § 2 barnehagens innhold) (Rammeplanen 2006:14).

"Det er foreldrene som har ansvaret for barns oppdragelse. Dette prinsippet er nedfelt i barnekonvensjonen og barneloven 8.april 1981 nr.7. Barnehagen må vise respekt for ulike familieformer. To begrep i loven, forståelse og samarbeid dekker ulike sider ved kontakten mellom barnehagen og foreldrene. Med forståelse menes gjensidig respekt og anerkjennelse for hverandres ansvar og oppgaver i forhold til barnet. Med samarbeid menes regelmessig kontakt der informasjon og begrunnelser utveksles. Spørsmål knyttet til barnas trivsel og utvikling samt barnehagens pedagogiske virksomhet skal drøftes. Samarbeidet skal gi mulighet til å bygge en nødvendig, gjensidig forståelse for de dilemmaer som kan oppstå når hensynet til et enkelt barn må ses i forhold til barnegruppen" (Rammeplanen 2006:14).

"I møte med foreldre med minoritetsspråklig bakgrunn har barnehagen et spesielt ansvar for at foreldrene har mulighet til å forstå og gjøre seg forstått i barnehagen. Å møte foreldre fra ulike kulturer både innen det norske samfunnet og fra andre land, krever respekt, lydhørhet og innsikt. Dette forutsetter at personalet er bevisste og tydelige i egen yrkesrolle og trygge på egen kompetanse" (Rammeplanen 2006:15).

4.4 Kultur

Larsen og slåtten har definert ordet kultur slik: *"Kultur handler om den virkelighetsoppfatning, de verdier, normer og skikker og tradisjoner som er meir eller mindre felles innenfor et samfunn, som vi har lært og som gjør at vi kan kommunisere og samhandle. Kultur vedlikeholdes og endres gjennom sosialisering og kontakt med ulike grupper mennesker"* (Larsen&slåtten 2006:16).

Med dei kulturelle endringane som finst i dagens samfunn som følgje av globaliseringa vert det meir og meir vanskeleg å oppfatte kulturen som noko stilleståande. Kulturen vert vedlikehaldt og forandrar seg over tid. Sjølv om kulturbegrepet vert problematisert ut frå alle dei ulike kulturane og blandings kulturane som strøymer til, så er fortsatt kulturforskjellane tydelege. I boka til Øivind Dahl viser han til at det er kulturforskellar mellom Norge, Vietnam og Zambia. I Norge er skilsmisser og sambuarskap vanleg medan i Vietnam er det ikkje. I Zambia så sender dei ikkje dei eldre på aldersheimar men det skjer i Noreg. Det er og stor forskjell mellom Noreg og Zambia i forhold til korleis foreldra legger til rette for fritidsaktivitetar for barna. I Zambia må barna finne på fritidsaktivitetar sjølve medan i Noreg vert dei oppmuntra til å ta del i så mykje som mulig. I Zambia så er det mest vekt på at barna skal vere lydige. Dette er ikkje berre kulturforskellar men sosialforskellar (Dahl 2001).

Verdas kulturar vert meir og meir like og det finst fleire fellestrekke mellom kulturane enn det var tidlegare. Det er eit resultat av den aukande globaliseringa. Landa i verda har i mykje større grad enn før blitt knytt saman gjennom økonomi, politikk og kultur, og dei påverkar kvarandre og er avhengig av kvarandre. Folk får meir informasjon om verden og korleis folk lever i dei ulike landa. Gjennom den kulturelle frisetjinga har individua fått større fridom, det er ikkje lenger gitt at du skal velje det same yrket som foreldra dine. Tradisjonar og skikkar er ikkje like betydningsfulle no som det eingong var, folk står frie til å ta eigne val. Den økonomiske utviklinga i verda og i dei enkelte landa gjer at det vert større forskjell mellom fattig og rik, og dermed vert det og eit kultur skilje både globalt og innad i land. Det kan og vere eit skilje å leve i byane og på landsbygda (Larsen&Slåtten 2006).

Med ulike kultur medfører ulik oppfatning av verkelegheita, folk må ha eit fellesspråk og legge den same tydinga i begrepa for å forstå kvarandre. Når to personar frå ulike kulturar møtes vil det fort oppstå misforståing og fordommar grunna deira tolking av verda. I boka til Dahl har han satt opp eit døme på to kulturfILTER får å vise kontrasten. Han har kalla dei kulturfILTER i A-kultur og kulturfILTER i B kultur (Dahl 2001).

KulturfILTER i A-kultur:	KulturfILTER i B-kultur
<i>Verden kan beherskes</i>	<i>Verden må aksepteres som den er</i>
<i>Metoden er analytisk og plannleggende. Alle ting kan deles opp, måles og kombineres på nye måter: maskin, organisasjon eller karriere. Lønnsomhet tilstrebdes.</i>	<i>Metoden er helhetlig forståelse og åndverdenens vilje. Balanse og harmoni er viktig. Mennesket er underlagt makter og skjebne, og må forholde seg til tabu og magi. Utslukkelse av begjær strebes.</i>
<i>Tidsoppfatningen er lineær. Tiden kan måles. Tilværelsen er ordnet etter klokke og kalender. Mennesket er orientert mot fremtiden. Effektivitet tilstrebdes.</i>	<i>Tidsoppfatningen er syklisk. Tiden hviler i seg selv. Naturens rytme bestemmer dagens innhold. Mennesket er orientert mot fortiden. Harmoni tilstrebdes.</i>
<i>Skilles mellom det religiøse og det materielle, og mellom det offentlige og det private. Det legges vekt på formell utdannelse,</i>	<i>Det religiøse og det materielle ses som en helhet. Det offentlige og det private går over i hverandre. Det legges vekt på sosial rang,</i>

<i>spesialisering, offentlig organisasjon, anonym stil. Realiserer seg sjølv gjennom jobben. Likhetsideal. Kjønnsroller utviskes.</i>	<i>familie, slekt, eldres autoritet, spontanitet og integrasjon. Relasjoner er viktige. Ulikheter aksepteres. Kjønnsroller opprettholdes strengt.</i>
---	---

(Dahl 2001:72)

For å forstå andre kulturar må me ha tverrkulturell kompetanse, dette får me gjennom ulike typar kompetanse:

- Fleirkulturell forståing: Kunnskap og innsikt i eiga og andre sin kultur og respekt for andre sin kultur.
- Tverrkulturell forståing: Kunne forstå ulike kulturar og deira særtrekk og å kunne forstå på tvers av kulturar.
- Tverrkulturell kommunikasjon: Kunne kommunisere med individ som har ulik kulturell bakgrunn (Larsen&Slåtten 2006).

For å forstå korleis ei gruppe eller ein person handlar må ein forstå konteksten som handlinga eller adferda skjer i. Dersom ein ikkje forstår konteksten er det vanskeleg å skjønne kvifor individua handlar som dei gjer, dømer på dette kan vere utsjånad eller klesstil. Konteksten kan bestå av formelle reglar, spesielle interesser og kunnskap som ei gruppe har til felles.

Konteksten kan og innehalde uformelle, ikkje uttalte reglar som sitter djupt i deg. Det som kan vere merkeleg i ein kultur kan vere heilt normalt i ein anna kultur (Larsen&Slåtten 2006).

Dersom ein person vurderar andre sin verdiar og handlingar ut i frå sin eigen kultur vil denne personen vere etnosentrisk. Han vil ikkje prøve å forstå kulturen som han observerer og vil heller ikkje kjenne til konteksten som handlinga blir utført i. Personen vil stille sin eigen kultur i sentrum og vurdere utifrå sine eigne verdiar og haldningar om noko er bra eller riktig. Det motsette av etnosentrisk er kulturrelativisme der ein prøver å forstå konteksten. Ein har ein objektiv tilnærming og set til sides sine eigne verdiar og haldningar for å få forståing av kulturen. Faren med eit kulturrelativistisk syn er at ein ikkje skal dømme og vurdere men prøve å forstå. Dette gjer at sjølv om i noen kulturar der det er lov å slå barn, så er det med eit kulturrelativistisk syn akseptabelt så lenge kulturen fungerar. Det må gjerast ein vurdering av riktig og galt og ikkje godta ting sjølv om det er ein del av ein kultur.

Når ein kommunisere og samhandlar med andre menneske med ein anna kultur kan det vere ein generaliserer korleis dei er utifrå kva kultur dei kjem i frå. På denne måten kategoriserar

ein menneska og dette skaper stereotyper. Ofte vert stereotyper identifisert med gruppermedlemskap slik som religion, etnisitet, alder, kjønn, kultur og fleire. Ein kan snakke om to stereotyper, ein positiv og ein negativ. Negativ på den måten at du har hatt ein negativ erfaring med eit menneske frå ein anna kultur og tenker at alle frå den kulturen er dårlige. Sjølv om du på den andre sida kan ha ein positiv erfaring så vil det ikkje seie at alle folka frå den kulturen er gode. I barnehagen kan ein stereotype vere kva som er riktig gut og jente åferd (Larsen&Slåtten 2006).

5. Empiri

I denne oppgåva har eg valt å dele inn empirien i to delar. Den fyrste delen vil bestå av intervju som vart gjennomført under praksisopphaldet i Zambia. Dei fyrste intervjua er basert på like spørsmål som var gjennomgåande i alle intervjuguidane, vidare vil eg presentere spørsmål som ikkje var gjennomgåande i alle intervjuguidane. Under denne delen vil eg også kort presentere dei ulike intervjuobjekta mine for å gje eit bilet av kven eg baserar oppgåva mi på. Den andre delen vil bestå av dei ulike observasjonane eg gjorde meg under utplasseringa.

Intervju objekt 1: Pilotintervju gjort med to kvinnelige lærarar som var ansvarlige for skulen me var utplassert på. Dei er begge gift, men ukjent om dei har barn. Intervjuet er gjort på restaurant.

Intervju objekt 2: Intervju med tre mannlige lærarar som jobba på skulen me hadde praksis i. Ukjent sosial status. Intervjuet vart gjennomført på praksisplassen der eg fekk tilbakemelding i papirform.

Intervju objekt 3: Intervju objektet var ein 36 år gammal mann som er gift og har eit barn. Han er for tida arbeidsledig. Intervjuet fant stad på restaurant.

Intervju objekt 4: 34 år gammal mann. Ikkje gift og har ingen barn. Arbeidar for busselskap. Intervjuet fant stad på restaurant.

Intervju objekt 5: Intervju objektet er ein 46 år gammal mann som er gift men er ukjent antall barn. Arbeidar på museumet i Livingstone. Intervju fant stad på arbeidsplassen.

Intervju objekt 6: Intervju objektet er ei 38 år gammal dame som er gift og har fire barn. Arbeidar på museumet i Livingstone innanfor sosiale studier. Intervju fant stad på arbeidsplassen.

Intervju objekt 7: Intervjuobjektet var ei 44 år gammal kvinne som er gift og har to barn. Kvinnen jobbar som kokk. Intervju fant stad på arbeidsplassen.

5.1 Intervju

Eg har gjennomført totalt sju intervju der mange av tilbakemeldingane var like, av den grunn vil ikkje svara vere direkte sitert då eg har plukka det mest relevante frå kvart svar.

- **Spørsmål 1: Kva er ein typisk Zambisk familie?**
 - Svar intervju 1: *Ein utvida familie som består av, far, mor, ungar, onklar, nieser, besteforeldre. Ofte ein stor familie buande i same hus\husholdning.*
 - Svar intervju 6: *Kjernefamilie saman med den utvida familien. Den utvida familien strekker seg heilt til søskenbarn og barna deira. Bur under same tak og føler deg berettiga å bu med slektingane dine. Boren din kan bu ein plass, men du har rett til å bu hjå han viss du ynskjer det. Heime hjå meg så bur ektemannen min sin bror, han bestemte at han ville bu der utan at han trengte å spørra. Han kom når han var 16 og no er han omtrent 23. Det er vanskeleg men du tenker på dine eigne barn og at han kan hjelpe med ting. Det er slikt som familiene gjer for kvarandre.*
- **Spørsmål 2: Korleis er det politiske synet på familielivet i Zambia?**
 - Svar intervju 5:*Det er vanskeleg å svare på, men hovudsakleg sett stammar det juridisk frå Storbritannia. Det er ein kjernefamilie som er avhengige av kvarandre. Utvida familie er noko som er vanleg i Zambia i dag, sjølv om det er i utvikling. Familien beveger seg frå ein utvida familie til kjernefamilie.*
 - Svar intervju 3: *Regeringa prøver å legge fram eit ”riktig” syn på kva ein familie er for å forhindre blant anna utroskap og utbreiing av HIV og AIDS som kan smittast ved å ha fleire partnarar. Regeringa vil og forhindre at menn har barn med fleire kvinner då dei meinat barna ikkje vert tekne godt nok hand om, og dei vert ikkje forsørgja skikkeleg. Dersom ikkje barna vert tekne godt nok hand om må dei ty til tigging eller steling, noko som ikkje er positivt for nokon, spesielt ikkje turismen i Livingstone.*

- **Spørsmål 3: Kva roller har dei ulike individua i familien?**
 - Svar intervju 1: *Faren er den øvste sjefen i familien og har siste ordet i saker, deretter er det mora som har andre ordet. Faren skal arbeide og ”sette mat på bordet”. Det er han som er ansvarlig for alt det finansielle i familien. Mora skal vere heima og ta seg av hushaldninga og barna, vaske huset, vaske kle samt lage mat til mannen når han kjem heim frå arbeid. Barna skal vera der for å hjelpe mora med hushaldninga og elles rundt om i huset. For eksempel skal gutane hjelpe faren med å vaske bilen og døttrene skal hjelpe mora med å vaske og lage mat. Dei eldste i familien altså besteforeldre har i likhet med faren mykje dei skulle sagt i familien. I Zambia har dei stor respekt for dei eldre.*
 - Svar intervju 5: *Foreldra skal alltid sjå etter barna og dei har ansvar for deira velvære. Faren skal ta seg av inntekt og beskytte familien. Mora skal lage mat og sjå til at alle får mat. Det er mora som har ansvar for at barna skal ha ein god oppvekst. Folk ser på mora som passiv, og ho vert sett på som svakare enn mannen. Det er to ulike slektsformer: patrilineær der du stammer direkte frå faren din, og matrilineær stammar direkte frå mora si linje. Dette har mykje å seie for korleis familien er organisert. Folk bur i store landsbyar, og alle brødre i slekt med kvarandre gifter seg utanfor landsbyen og tar med seg kona til landsbyen.*
- **Spørsmål 4: Er kvinnene likestilt menn når det kjem til husholdningsarbeid?**
 - Svar intervju 1: *Dei er ikkje likestilt med menn då dei har ulike oppgåver og plikter. Menn vil gjere det hardaste fysiske arbeidet som blir betalt, medan kvinnene gjer det harde arbeidet i hushaldninga. Når mennene kjem heim frå arbeid skal kvinnene vera der for mannen, i forhold til å lage mat og vaske. Slik som utviklinga er no begynner kvinner og menn i familien å verte meir likestilt, noko som i stor grad skuldast at kvinner i større grad tek\får utdanning og dermed kjem i arbeidslivet. Menn tek i større grad del av husholdnings arbeidet som til dømes å laga mat og vaska. Dei gjer kvarandre plikter i staden for at dei er bestemt på førehand. Men i forhold til tradisjonane i Zambia er dei ikkje likestilt.*
 - Svar intervju 5: *Eg vil ikkje bruke ordet likestilt, men i staden vil eg seie at dei er komplimentære, dei utfyller kvarandre. Det den eine gjer utfyller den andre. Mannen er sjefen i familien men skal ikkje ta ein avgjersle utan å konsultera kvinna først. Det*

- Svar intervju 6: *Det er ikkje basert på likestilling men dei går inn roller. For å klargjere så er ikkje forskjellen om eg er mann eller kvinne, det kjem ann på kva husholdning du bur i. Dersom eg er i broren min sitt hus så er eg ein mannsfigur fordi det er det forholdet eg har til broren min. I søstra mi sitt hus tar eg rollen som kvinne. Dersom ein mann vil gifte seg så må han ta med faren sin til den andre familien, dersom ikkje han er tilgjengelig tek han med seg søstra si og ho skal gå inn i rolla som mann, og vert behandla deretter, "kvinneligfar". Bror til mora mi vert kalla mannlig mor (Ma lumi). Min fars søster vert kalla min kvinnelige far (Tate Kazi)*

- **Spørsmål 5: Kva vil du seie er kjerneverdiane til familien?**
- Svar intervju 1: *Det dei verdset mest er utdanning spesielt for jentene, jentene treng utdanning og like rettigheitar for å konkurrera med mannen. Prøver å verte 50\50 likestilt. Prøver og å verte likestilt innan typiske mansdominerte yrker som til dømes militærret, transport bransjen og politiet.*
- Svar intervju 2: *Kjærleik, samhald, respekt og adlyding.*
- Svar intervju 3: *Det viktigaste for ein familie er å ha barn og kunne forsørge dei. Innanfor Tonga stamma er barn eit teikn på status.*
- Svar intervju 4: *Å leve i fred, kjærleik og harmoni*
- Svar intervju 5: *For det fyrste er det kjærleik innad i familien, ærlegdom, hardt arbeid, forståing og toleranse. Det å tilpasse seg kvarandre og vere i møtekommande. I ein typisk afrikansk setting er ideen om ulydighet ikkje noko problem sjølv om det førekjem, slik som det er i dag har dette endra seg. Tilgjeving er ein anna viktig faktor. Å beskytte familien har vore veldig viktig, spesielt i forhold til integriteten til familien. Dersom ein mann reiste utanfor heimen og fekk eit barn med nokon andre ,måtte kona til mannen ta til seg dette barnet som sitt eige dersom han på eit tidleg stadie sa ifrå. **Er det fortsatt vanlig?** Ja det skjer fortsatt. Ideen om polygamy var noko som skulle endre dette.*

- **Spørsmål 6: Kva innflytelse har den vestlege levesettet på Zambisk familieliv?**

- Svar intervju 1: *Den vestlige verden endrar utviklinga til barnet i forhold til at dei får meir innsikt i kva som forgår i andre land. Spesielt film og tv er ei kjelde dei får og tileignar seg. Språket vert utvikla i forhold til at dei lærer seg betre engelsk då dei får innflytelse frå vestlige land. Engelsk er ein viktig faktor for utdanninga di, med tanke på at dersom du ikkje kan snakka engelsk er det vanskeleg å gjere seg forstått både i Zambia og i forhold til høgare utdanning som universitet.*
- Svar intervju 2: *Det vestlege levesettet har hatt stor innverknad spesielt når det gjeld klede. Folk endrar deira tradisjonelle måte å kle seg på for å tilpasse seg den vestlige levemåten. Kvinner kan stå på sine eigne bein, er meir frigjorte og har fått meir makt.*
- Svar intervju 5: *Med introduksjonen av kristendom fekk familien mange utfordringar. Det bevegde seg frå polygamy til monogamy. I nokon samfunn var det vanlig med monogamy og motsatt polygamy. Då dei starta arbeidet med å registrere familiar vart det vanskeleg då ein mann hadde fleire koner. Customary law: kan ha så mange koner du vil. Formal legal system: monogami. Jordbruk og økonomi hadde ein stor innverknad på familien. Familie verdiane blei endra til meir tradisjonelle vestlige verdiar.*
- Svar intervju 6: *Den vestlege verden har hatt både negative og positive verknadar på det Zambiske familielivet. Det positive er at me kan nytte pc og snake med folk langt vekke. Det negative baserar seg på korleis det endrar måten å leve på pengar, og det øydelegg den utvida familien. Før hadde me ikkje barneheimar, dette er ikkje tilfelle i dag. Folk vil ikkje ta inn broren sine barn for eksempel. Du vil ha ein god livsstil med fin bil, tv, pc og dyre kleder, derfor vil du ikkje ta inn noen andre sine barn og dele godene.*

Tv har øydelagt mykje då folk ikkje sitt ikkje saman og snakkar lenger eller deler ulike historier. Mange gode familieverdiar er blitt øydelagt.

- **Spørsmål 7: Kva innverknad har kyrkja på familien?**

- Svar intervju 1: *Kyrkja lærer familien kven gud er, kva han står for og kva han har gjort. Den fortel korleis Jesus lei for menneska, skapinga og læra om kristendommen. Kyrkja er der for å trøste familiane som har mista nokon i familien, der spelar kyrkja ein stor rolle. Prestane reiser og rundt til familiar og fortel om kristendommen.*
- Svar intervju 2: *Kyrkja har mykje å sei, spesielt når det kjem til spørsmål om moral, der den presenterer ei moralsk retningslinje som skal hjelpe folk i dagleglivet. Kyrkja*

legg vekt på kjærleiken mellom ektemann og hustru, og at barna skal vere lydige ovanfor foreldra. Dette hjelper familien å stå sterkt samla.

- Svar intervju 3: *Kyrkja har den største innflytinga, me er ein kristen nasjon og trur på gud. Kyrkja lærer folk korleis dei skal leve etter bibelen. I mitt syn er det den beste måten å leve på og å oppdra ein familie og hjelpe folk som ikkje er nær Gud.*
Innflytelsen kyrkja har er at dei bringe folk nærmare og lære dei gode skikkar og god oppførsel. Alt frå kle stil til korleis du skal snakke til folk, kva du skal gjere på skulen, ikkje lyge, alltid sei unnskyld viss du har gjort noko gale, steling er dårlig, du skal be, lærer tilgjeving og ikkje vere ein skurk. Dei lærer enkelt og greitt verdiar til familiene. Viss du er ein god kristen så får du eit godt liv.

- **Spørsmål 8: Er polygami lovlig i Zambia? Kva er fordelar og ulemper med polygami?**
- Svar intervju 2: *Nei og ja. Nei når du gifter deg gjennom lokal rett (local courts). Ja når du gifter deg på den vanlige måten (customary law) i høgste rett (high courts). I polygame ekteskap har du mange barn som jobbar for deg på garden, det går raskare og det er billig arbeidskraft. Mannen sin umoralskheit vert lett syneleg. Problem med polygamy er blant anna sjalusi, økonomiske problem og det er vanskeleg å kontrollere barna.*
- Svar intervju 5: *Tradisjonelt og kulturelt sett så ser du på eit samfunn der familien budde tett saman så aksepterte dei polygamy fordi det var nødvendig, i forhold til om eit par ikkje hadde barn så var det vanlig å sjå seg etter ei til kone. Barn er status så dersom du har ein familie skal du ha barn. Fordelen med det er at mannen held seg nær heimen. Det var ikkje sett på som bra at mannen bevega seg utanfor heimen (med andre kvinner) og det var fleire som kunne jobbe på garden og med jordbruket.*
Ulempen: Det vart mykje konfliktar mellom både konene og mellom mannen og konene og barna. Dei bruker mykje svart magi for å få mannen sin gunst. Tradisjonelt sett delte mannen det han hadde før han døde, dersom han hadde kyr fekk barna og kvinnene eit eller fleire dyr kvar. Interstate law: Godkjenner berre den fyrste kona, men no prøver dei å endre på det. Problemet med systemet er at det er veldig flytande, grunna dual system law. Før var det jordbruk spørsmål og dyr, no er det økonomiske spørsmål og derfor blir det vanskelig. Den fyrste kona er mor for heile familien, når

dei andre konene kjem til så er det med kjennskap om at det er ho som er sjefen. Mannen må rådføre seg med den fyrste kona. Dei seier at den fyrste kona er mora, dei andre konene er vennane dine.

- Svar intervju 6: *Er veldig vanlig i sør, menn gifter seg med mange kvinner for å få mange barn og få hjelp på garden. I dei austlege provinsane er det ikkje vanlig, du må vera rik for å kunne betale avgifta og du må jobbe for kvinnene medan i sør er det kvinnene som jobbar for deg. Den vestlige verden har eit negativt syn på polygami, det var ikkje så gale som det er no. Synet til vesten har endra Zambiere sitt syn. Mange kvinner vil vel å gå inn i polygami giftemål då det er lettare for dei i forhold til at det ikkje er fattigdom. Eg hadde faktisk ei søster som ville gifte seg med ein polygamist men faren vår sa nei fordi han er kristen. Kvinnene vel sjølv om dei vil, og gjer det med glede. Det kan vere fordeler og ulemper med det. Ulemper: Berre ein mann så alle kvinnene må dele på same mannen. Det kan forekomme mykje krangling og det vert vanskeleg å dele alle eigedelane til mannen når han dør. Mannen har sin favoritt så det blir rivalisering mellom konene og barna. Fordeler: Økonomiske aspektet, jo fleire koner og barn du har jo meir arbeid kan du få gjort, og rikare kan du bli. Du veit kven som søv med mannen din, du veit heile tida kvar han er.*

Er det mykje HIV og AIDS? *Eg er ikkje sikker på statistikken, men mange seier det er mindre fordi alle må sjekke seg før dei gifter seg, og mannen som har fleire koner vil ikkje gå rundt og ha fleire kjæraster. I mange tilfeller vil kona velje ei ny kone for mannen utan at han finner ei sjølv, det kan vere ein som den kona stoler på og veit er ein god person og arbeidar bra. Eit eksempel kan vere ein bekjent som aldri har vore tilhengar av polygami, men no vert det vurdert då dei begynner å bli eldre og det er ein måte å få mannen i driv igjen. Det er ein utveg. Kvinna får i tillegg stabilitet økonomisk.*

- **Spørsmål 9: Er det vanskeleg å få skilsmisse i Zambia?**
- Svar intervju 1: *Ja det er veldig vanskelig fordi du må gjennom ein rettsak og må ”kjøpe” deg ut av ekteskapet. Dersom du vil skilja deg utanfor rettsalen så må neste mann som gifter seg med kvinna betale den fyrste ektemannen ut. Dersom det er mannen som vil skilje seg må han betale bidrag til kvinna og barna. I dag er det vanlig å vera sambuarar men hjå dei eldre i Zambia vert dette sett ned på. Dersom dei skal bu i lag skal dei vere gift.*

- Svar intervju 5: *Vitna (familien) må gje opp ekteskapet deira før dei kan få skilsmiss, noko som kan vere vanskeleg. Ein grunnleggande regel for ekteskap er at det skal vare livet ut, men dersom det ikkje fungerar kan dei få separasjon. Dersom ei kvinne skil seg fleire gonger vert det vanskeleg å gifte seg på nytt då ho er blitt kategorisert som ei vanskeleg kvinne, dette gjeld også for menn. Å skilje seg merkar den sosiale statusen på ein negativ måte.*
- **Spørsmål 10: Er familielivet / levesettet forskjellig frå ei stamme til den andre?**
For eksempel mellom Losi og Tonga.
- Svar intervju 5: *Det er faktisk veldig forskjellig. Tradisjonelt sett så budde alle i store landsbyar der dei var i slekt med kvarandre gjennom blod. Tonga har veldig ope landskap der kvar familie kan bu opp til ein km frå kvarandre. Oppveksten til barna i Tonga stamma er påverka av den kvinnlege rolla då det er mora som er der for barna i oppveksten. Med tanke på faren har ikkje han så mykje å gjere med barne, og dei utviklar eit avstandsforhold til han. Tradisjonelt sett når ein mann døde så skulle eigedelane hans gå til søstera sine barn og hans eigne får ingenting. Du blir lært kven som er din blods slekting, alle har ansvar for kvarandre.*

Intervju 4

- **Korleis var familie situasjonen din?**
- Svar: *Det er ofte barn som har mista ein av foreldra sine i ein ung alder. Dei som er forlatt til ein av foreldra kan velje om dei ynskjer å bu med den gjenståande foreldra, eller om dei vil bu med onklar, tanter eller besteforeldre. Det er ein vanlig familietype. Grunna HIV/AIDS er det mange som dør. Dersom begge foreldra dør må barna bu med andre slektingar, på fosterheim eller i verste tilfelle så hamnar dei på gata. Ein anna familietype kan vera ein utvida familie der dei ikkje deler blodsbond. Dette er ikkje alltid like enkelt for barna då dei ikkje får like mykje kjærleik som dei andre biologiske barna. Respondenten fortel her korleis han sjølv opplevde når foreldra blei skilt: Var det vanskeleg for deg? Ja det var veldig vanskeleg då dei andre barna vart favorisert overfor meg. Dei andre barna fekk betre mat, klede og omsorg. Mine foreldre skilte seg og faren min gifta seg på nytt.*
- Fekk du valet mellom å bu med faren eller mora di? Vanlegvis skal dei dela omsorga, men barnet må vera ein plass. Eg valde far min for han kunne betale for meg**

og forsørgje meg. Det er for tøft for begge parter og ikkje minst er det hardt for barnet.

Korleis er synet ditt på homofili? *Det er meininga at eit mann skal vere saman med ei kvinne og ikkje med ein anna mann. Det er ulovlig både på grunn av at det er moralsk uriktig og det er meir sjukdommar.*

Intervju 5

- **Korleis er familien presentert for barna på skulen?**
- Svar: *Det er stor forskjell mellom skulepensum og korleis ein zambisk familie er. Det dei lærer på skulen er ikkje nødvendigvis slik det er. I skulen presenterar dei far mor og barn for å gjere det lettare for barna. Samfunnet vårt er i endring og av den grunn er det slik. Utanfor byen er det vanleg med utvida familie medan i byen er det kjernefamilie som er vanleg.*

Intervju 6

- **I Zambia er det fleire typar ekteskap, kan du fortelja om dei og ulikskapane?**
- Svar: *Dei ulike formane for ekteskap er Customary marriage, Civil marriage samt Christian marriage. Customary marriage går ut på at for å bli gift med ei kvinne så må familien verte einige om ei avgift som mannen må betale til kvinnen sine foreldre. I eit slikt ekteskap er polygami vanleg.*
- Civil marriage: Dei fleste i Zambia vert gift to gonger, først customarry marriage og deretter Civil court marriage*
- Christian marriage: Det same gjelder for kristent bryllaup, mannen må betale avgift til kvinnen sine foreldre. Nokon kyrkjer ser viktigeita av customary marriage og at familiene er einige om bryllaupet. Dersom kyrkja gjev klarsignal for eit par til å gifte seg medan familien seier nei, vil ikkje dette ekteskapet verte sett på som eit gyldig ekteskap i synet til samfunnet.*

- **Korleis er familien presentert for barna i skulen?**
- *Studieplanen er laga med europeisk tankegang og det dei lærer er ikkje slik det er i praksis. Eg føler det er feil og forvirrande når skulen lærer barna at ein familie består av far, mor og barn medan den eigentlig er utvida eller kjernefamilie. Det er veldig*

vansklig for barna for dei lærer ein ting men lever i ein heilt anna familie enn det dei lærer ein familie er.

Intervju 7 om polygami:

- Kva var grunnen til å gifte seg med ein mann med meir enn ei kone?
- Svar: *Ho visste at han hadde meir enn ei kone men dei var forelska så derfor brydde ho seg ikkje om det. Det er tradisjon så for ho så var det normalt.*
- Korleis er det å vere gift med ein mann som har meir enn ei kone?
- Svar: *Dei var alle venner og det var aldri noko problem mellom konene som samarbeida.*

- Korleis var leveforholda?
- Svar: *Alle budde i same hus men dei hadde kvar sine rom. Mannen sov to netter på kvart rom. Mannen var hovudsakelig ein leiar som delegerte arbeidet, han jobba og men ikkje like mykje som det konene gjorde.*

- Kor mange koner hadde han?
- Svar: *Fire koner og eg var den fjerde*

- **Kva er fordelane og ulempene med å ha meir enn ei kone?**
- Svar: *Det er ingen fordelar, og eg angrar på at eg gifta meg med han i etterkant. Grunnen til at det ikkje er noen fordelar er at når dei 2 fyrste jobbar fram mot alt og så kjem det inn ei 3 og 4 kona så føler dei at alt dei har jobba for blir øydelagd.*
***Korleis delte de arbeidet?** Me hadde våre plikter i heimen og på garden, og i åkeren jobba alle saman.*

- **Jobba den siste kona meir enn den fyrste?** *Den fyrste kona jobba meir enn dei andre, fordi ho hadde mest erfaring og visste kva ho skulle gjera. Ho var ledaren og dei andre skulle følgje etter og lære av ho. Det kan vere ein fordel med at du får barn med mannen, dess fleire barn du får, dess meir suksessfull føler du deg.*

- **Kunne du tenkt deg å ha meir enn ein ektemann?**

- Svar: *Nei det ville eg ikkje fordi det ikkje er tradisjonelt riktig då det alltid har vore slik og er ein del av vår kultur og tradisjon. Eg føler det er galt både for ein mann og ei dame å ha meir enn ein partner.*

 - **Skilde du deg frå mannen? Eventuelt kvifor?**
 - Svar: *Det var mannen som bestemte at han ville skilje seg. Grunnen er litt personlig så eg ynskjer ikkje å gå nærmare inn på det. Eg fekk med meg nokon sekkar med mais og vart levert til foreldra mine. Me hadde ingen ungar så det var ikkje noko problem.*
- Kor lenge var du gift?** *Eg var gift i 3 år.*

- **Kjenner du andre som er gift med meir enn ein mann?**
 - Svar: *Ja eg har mange vennar som er gift med meir enn ein mann då det er vanleg.*
- Kunne foreldra dine sei nei?** *Dei kan ikkje gjere det då det er kvinne sjølv som bestemmer kven ho skal gifte seg med.*

Kva råd vil du gje til folk om polygami?

- Svar: *Ikkje gift deg med ein mann med fleire koner, det forstyrrar familien og øydeleggjar den, det vert eit vanskeleg liv for alle saman.*

- **Er det noko du ynskjer å seie meir om?**
- Svar: *Dei som er i polygame familiesituasjonar skapar ofte forvirringar, barna vil sjå at mannen behandler kvinnene ulikt og barna vil vokse opp med mykje hat og eit feil bilet av kvinne og familie. Barna er meir knytt og glad i mora enn faren. Det er vanleg at barna endar opp med å hate faren. Barna har mangel på rollemodellar, i alle fall gode rollemodellar. Barna vert ofte påverka av dette og handlingar som kriminalitet er ofte eit resultat. Den polygame familien trur ofte på magi (svart magi, kjærleiksdrikk eller giftdrikkar) og nyttar seg av dette for å kvitte seg med rivalane sine. Det er hovudsakelig kvinne som utfører desse rituala for å få mannen for seg sjølv. I polygame ekteskap er det alltid den første kona som får alle eigedelane til mannen om han døyr. Av den grunn er det ofte tilfelle at den fyrste kona sit ilag med*

barna sine og planlegg korleis dei skal drepe mannen. Dette tilseier at mannen er i fare for å bli drepen i slike situasjonar.

Når ein mann er gift med fleire koner er det vanskeleg å vere suksessfull. Dette er fordi det er mykje tjuveri innad i slike familiar, der konene stel frå kvarandre og frå mannen for å ha til seg sjølve og barna.

Kvifor praktiserar folk fortsatt polygami når det er så mykje problem? *Det er hovudsakelig på grunn av alle lovnadane og måten han snakkar til deg som gjer at du ynskjer å gifte deg med han. Når ekteskapet er ein realitet merkar du fort at ingenting er som han har lova. Denne typen liv er veldig vanlig i store delar av Afrika, i Zambia har det vore tradisjon lenge. Men eg har totalt fordømt det.*

Eit av problema til mannen er ofte at han ikkje klarar eller ikkje vil betale for skulegangen og basisbehova til barna. Ein av årsakane til at denne ekteskapsforma eksisterar enda er at mannen i huset ikkje betalar for utdanninga til barna og av den grunn veks dei opp med å gjere det same som foreldra då dei ikkje veit om nokon andre familieformar.

5.2 Observasjon

Observasjon 1

Bakgrunn for valget av tema var praksis i skulen der dei minste barna i alderen 2-3år hadde samfunnsfag (social science). Temaet for dagen var familien. Læraren fortalte først kva ein familie bestod av, dette var far, mor, son og dotter. Læraren viste ein plakat som ho hadde teikna og peikte på kvar enkelt individ på plakaten som barna skulle rope kven var. Læraren presiserte ofte at det var slik ein familie såg ut, dette var ein familie. Vidare sa læraren kva rolle kvar enkelt individ hadde i familien. Far var den som skulle forsørge familien, det var han som skulle arbeide og tene pengar. Far var den som betalte skulegangen til elevane, kledd dei hadde, leikene og den som kom heim med maten. Rolla til mora var å lage mat, vaske huset og passe på barna. Barna si rolle var å vere lydige ovanfor foreldra, dersom far eller mor gav dei ein beskjed om å gjere noko så måtte dei det. Dei skulle hjelpe til, spesielt var det viktig for jentene slik at dei blei gode koner når dei blei vaksne. Barna var ein ganske passiv mottakar i byrjinga. Læraren spurte etter ho hadde sagt korleis alle rollene i familien var, korleis rollene var i familien til elevane. Dei fleste svarte slik som læraren gjor med unntak av noen få som sa at faren deira laga mat. Alt som læraren gjor og sa måtte barna repetere, det blei lagt stor vekt på oppattaking.

Etter den fyrste timen så skulle barna teikne ein familie, dei fekk ikkje teikne sin eigen familie fordi læraren hadde allereie teikna med penn i boka deira, far, mor, son og dotter. Det barna fekk gjere var å fargelegge familien som var i boka og det var viktig at barna haldt seg innanfor strekane.

6. Drøftingsdel

6.1 Ein typisk Zambisk familie

Det fyrste spørsmålet eg stilla til alle intervju objekta mine var om kva ein typisk Zambisk familie er. Alle intervju objekta svarte at ein tradisjonell Zambisk familie er ein utvida familie. Kva gjer at dei vel å bu saman som ein stor familie? Er det dei økonomiske faktorane eller familie samhaldet og familien som ein heilskap som gjer at dei bur saman som ein stor familie? Som det kjem fram av svaret på spørsmål 1, så er det i Zambia i dag vanleg å bu i ein utvida familie som består av foreldre, søsken, besteforeldre, tanter og onklar og deira barn. Eit slikt samhald kan krevje noko meir i forhold til dei økonomiske faktorane, då det er fleire munnar å mette. Dersom me vinklar det til det positive er det fleire arbeidshender både inne og ute.

Ein tanke om storfamilie i Noreg ville vore fint men eg trur ikkje det vil skje ut i frå dagens samfunnet. Slik som samfunnet er i dag framstår nordmenn som noko meir egoistiske og tenker meir på sine aller nærmaste som kjernefamilien enn det dei gjer med tanke på den vidare slekta. Ein utvida familie har ikkje vore og er ikkje ein vanleg familieform i Noreg. Det nærmeste ein kjem til ein utvida familie er ein stor familie. Stor familien eksisterte først og fremst i det før industrielle samfunnet, men det vert sett på som eit romantisk syn og ei myte at menneske levde slik. Som oftast var det mange familiar som budde i nærleiken av kvarandre og på gardar der dei arbeida saman. Det var og vanleg å få mange barn slik at det sjeldan blei plass til besteforeldre. Dersom folk levde i storfamiliar var det som oftast grunna dårleg økonomi.

I spørsmål 1 fortel intervju objekt 6, om plikter ovanfor familien, eksempelet som vert nytta her går ut på at familien hennar var pliktige til å ta i mot ektemannen sin bror. Han trengde ikkje spørje om å få bu der men kunne berre kome med kofferten. Dette er ikkje noko som er vanleg i Noreg då det ikkje er slike tradisjonar her. Grunna tradisjon kan du ikkje i Zambia nekte å ta i mot slekta di om dei ynskjer å bu hjå deg. I Noreg er det vanleg å plassera dei eldre på aldersheimar medan dei i Zambia tek seg av dei eldre og svake i samfunnet innad i

familien. I velferdsstaten Noreg er ikkje funksjonane til familien det same som det ein gong var. Staten har tatt over mange av rollane og funksjonane til familien.

I spørsmål 2 om det politiske synet på familielivet i Zambia svarar intervju objekt 5 at den utvida familien har endra seg i ein vestleg retning til å bli kjernefamilie. Som vist i teori delen har Lukama teke opp denne problemstillinga, og seier at den utvida familien er ein familieform som liknar på kjernefamilien men at den ikkje er lik grunna det låge talet av barn. Han bruker begrepet småfamilie i staden for. Ein av grunnane til desse endringane kan vere auka globalisering og innflytelse frå vesten samt individualisering gjennom den vestlege tankegangen. Økonomien er ikkje lenger på eit nasjonalt plan men globalt, forstyrriingar i økonomien vil dermed som oftast ikkje berre påverke eit land men alle landa. Økonomi og familie har stor innverknad på korleis familiene er bygd opp.

Korleis kan ein i framtida seg for seg familieforma i Zambia? Ut i frå empiri så kan me sjå at familie forma i Zambia allereie går gjennom ein endringsprosess. Den beveger seg frå å vere ein tradisjonell utvida familie til å bli ein kjernefamilie. I forhold til denne utviklinga så kan ein spekulere i om den utvida familien vil forsvinne heilt. Viss det vil skje så vil det Zambiske samfunnet gå gjennom ei stor endring ved at institusjonar må i større grad ta over det som før var familien si rolla. Dette har i nokon grad allereie skjedd ved at det for eksempel er fleire barneheimar og institusjonar for barn. At det har skjedd kan sjølv sagt ha mange andre grunnar enn endring i familien, som for eksempel sjukdom blant foreldre. Dette er imidlertid berre ein påstand som eg ikkje kan vise til statistikk, men er ein interessant diskusjon og tema å ta opp.

Den kulturelle frisetjinga har og mykje å seie, det er ikkje lenger gitt kva rolle kvart enkelt individ har i samfunnet, mennesket står friare til å velje no enn før. Den kulturen og det samfunnet som menneska lever i, er stadig i endring og aldri statisk. Sidan det er tilfelle er det naturleg at både individet påverkar kulturen og kulturen påverkar individet. Dahl viser til kulturelle forskjellar mellom Noreg og Zambia, desse kultur forskjellane vil utifrå teorien mest sannsynleg bli mindre og mindre grunna globalisering. Dette trenger ikkje nødvendigvis vere tilfelle, på den andre sida så kan forskjellane bli større alt etter korleis dei forskjellige samfunna utviklar seg. Ut i frå spørsmål 6 om kva konsekvensar innflytelse frå vesten har på Zambisk familieliv så kjem det fram positive og negative sider ved globalisering. Ut i frå svara så kan ein sjå at forskjellane blir mindre og mindre og at den vestlege kulturen har stor innflytelse på godt og vondt.

Zambia er unik i den forstand at dei har så mange forskjellige stammer og kvar stamme har sitt eige språk og sine eigne skikkar og tradisjonar. Du kan snakke om mange kulturar innanfor eit land. Dette gjer det og vanskeleg når ein skal sjå kva som er ein typisk Zambisk familie er.

Ut i frå teoridelen vil eg sjå på kulturfilteret. Gjennom intervjeta eg har gjort så har eg fått presentert ein kultur som er forskjellig frå den norske. Det er andre holdningar og meininger til ting som eg ikkje er vant med. Dømet som kjem fram gjennom teorien er eit ekstremt eit, men det viser kontrasten når to menneske frå ulike kulturar møtes. I staden for å dømme personane som eg har intervjeta gjennom svara deira, så har eg fått ein forståelse for kvifor dei seier det dei seier. Det eg oppfattar som frykteleg for eksempel fysisk straff av barn, er for Zambiere muliges normalt. Noen trekk frå kulturfilter A og B kan samanliknast mellom Zambia og Noreg. Berre tida som eit eksempel er noko som er viktig i Noreg medan i Zambia så er grensene meir flytande. Når ein ser på kulturfilteret viser det eit ekstremt døme på kor vanskeleg det kan vere å forstå ein anna kultur viss du ikkje forstår konteksten.

Kyrkja og religion står veldig sterkt i Zambia, dette kjem fram under spørsmål 7 i empirien. Kyrkja har stor innverknad på familien, ved at den formidlar normar og kristne verdiar som er gode levereglar. Menneske tyr ofte til religion når dei opplever noko vanskeleg i livet, derfor vil eg påstå at det er derfor kristendommen står så sterkt i Zambia som den gjer i dag. Medan i Noreg ikkje er like sterkt som den var for ei tid tilbake. Dette kan sjølvsagt diskuterast mykje vidare, men er eit syn som eg synes er relevant for å forstå familien. Eg seier dermed ikkje at alt er betre i Noreg, men at i Zambia har ein heilt anna kvardag med sjukdommar og det faktumet at dei må skaffe mat og pengar for å overleve. Dette problemet blir ikkje mennesker i Noreg stilt over i same grad, grunna velferdsstaten.

6.2 Rollene i familien

Ettersom familiane endrar seg i takt med samfunnet vil rollene i familien gjera det og. For å forstå rollene til familie medlemme i Zambia må me forstå korleis slektskapet er bygd opp. I teori delen har eg teke for meg korleis det i noen samfunn reknar slektskap ut i frå farslinja eller morslinja slik som i Zambia. Det eg opplevde i spørsmål 4 om likestilling i empiri delen var at det berre var ein av dei eg intervjeta som kom inn på slektslinje når det blei snakk om likestilling. Her er det tydeleg at informantane er ueinige og ikkje godt nok reflekterte. Sjølv om Zambia opererer med unilineære slektslinjer så vil eg ikkje seie at det er det same som at du ikkje kan bruke betydninga likestilling. Det er ikkje kvinnene som får makt om dei tilhøyrer

det matrilineære slektskapet, makta blir berre overført gjennom kvinnene. På denne måten kan ein seie at kvinnene har forskjellige roller men med dei rollene får dei ikkje nødvendigvis meir makt.

På spørsmål 3 i empiri delen vert det stilt spørsmål om dei ulike rollane i familien. Felles svar frå alle respondentane var at dei kunn nemte rollene til far, mor og barn. Dersom den mest vanlege Zambiske familietypen er den utvida familien så kvifor ikkje ta med rollene til for eksempel onkel og tante? Ein kan trekka konklusjonar med at den utvida familien ikkje står like sterkt som det den ein gong gjorde. At familien har gått frå den utvida familien til å vere ein kjernefamilie eller småfamilie.

Utifrå svar på spørsmål 3 kan me sjå at rollene i familien hovudsakeleg er delt opp etter kjønn. Mor er den som skal ta seg av barna og hushaldninga og vere der for mannen. Far er den som skal tene peng til familien. Dersom ein set svara opp mot teori ser me at familieforma i Zambia består i stor grad av den komplementære familien, som var vanleg i Noreg før 1970. Forskjellen mellom Noreg og Zambia er at Noreg har utvikla familiemønstret til den symmetriske familien. Det er denne familie forma som ein kan sjå antydningar til i Zambia no. Svar frå intervju 1 og 5 viser at det er endringar i rollene til far og mor. I teori delen kjem det fram at menn blant anna skal vere forsørgjar, ta avgjersler og vere overlegne kvinner. Kvinnene vert framstilt som at dei trenger beskyttelse av menn, fokuserte på utsjånad og er betre skikka til å vera omsorgspersonar. Menn kan vere like gode omsorgspersonar som det kvinnene kan. Det som har gjort dette synet er rollene som tidlegare og i mange tilfeller har vert som gjer at dette synet har vokse fram.

6.3 Ulike familietypar

Homofilt partnarskap er ein familieform som ikkje eksisterar i Zambia, men er meir eller mindre vanleg i dei vestlege landa. Det er ikkje sosialt akseptert å vere homofil, og det er i tillegg nedfelt i lova at upassande omgang med det same kjønn er forbode. Sjølv om det verken er sosialt akseptert eller lovleg så eksisterar det homofile i Zambia. Kvifor skal ikkje homofili vere lovleg i Zambia? Det er fleire grunnar for det. Til å byrje med så er Zambia ein sterkt kristen nasjon og bygd på kristne verdiar. Det er grunna dei kristne verdiane at det ikkje er sosialt akseptert å vere homofil. Noreg er og ein kristen nasjon som er basert på dei kristne grunnverdiane, er dette ein grunn for ikkje å tillate homofili?

På den andre sida så er Zambia utsatt for mykje sjukdommar som til dømes HIV og aids, og det er beivist at det homofile miljøet er særleg utsatt for desse sjukdommane. I seinare tid har

regjeringa i Zambia gått ut og sagt at dei aldri kjem til å opne for endring av lova, då det er moralsk forkasteleg. Homofile sine rettigheitar har i ei lang tid vore diskutert over heile verda, og har i store delar i den vestlige verda blitt meir og meir akseptert. Som nevnt tidlegare kom det i Noreg ei partneskapslov i 1993 som gjor at homofile fekk formalisert samlivet sitt. Så seint som 1. Januar 2009 kom det lov om at homofile har rett til å gifte seg. Kan me tenkje oss ein gong i framtida at det er ein del av kulturen som afrikanske land som Zambia vil følgje etter? Eg ser ikkje for meg ei drastisk endring på denne familiefronten i nærmeste framtid. Når ekteskapslova for homofile vart endra no nyleg seier det kanskje noko om at det samfunnet me lever i ikkje fullt ut har akseptert denne familieforma.

Ein familie form som er vanleg i Zambia og relativt ukjend i Noreg er polygame ekteskap. Det er kanskje viktig å understreke at det er ekteskap mellom ein mann og fleire kvinner som er utbredt i Zambia, ei kvinne og fleire menn er derimot ikkje lov. I likskap med lov mot homofile i Zambia så har Noreg lov mot fleirgifte. Eg vil ikkje seie at homofili og polygami er det same, men vil illustrere to syn og lover i to kulturar som omhandlar to formar for samliv. Er polygami diskriminerande mot kvinner eller er dette eit vestleg syn? Viss ein skal sjå på polygami etnosentrisk så vil ein seie frå eit vestleg perspektiv at det er diskriminerande og galt. Derimot viss ein ser på det frå eit kulturrelavistisk syn så er det rett så lenge det fungerar. Det kjem fram i empirien at det er mange bakdelar med polygami, så sånn sett vil eg ikkje sei at det fungerar. Dersom menneske vel å leve i polygame ekteskap så er det deira val. Det er ikkje berre negative sider ved polygami dette kjem fram i svar frå intervju 6. Til og med i Noreg har me tilfelle med polygami. I forhold til dette emnet nemner eg ein mann som har ei kone og ein andre sambuar. Deira forhold er basert på mykje kjærleik og tillitt. Dette er ein situasjon som ikkje er vanleg i Noreg, då dette i realiteten ikkje er lovleg gjennom ekteskap.

Noreg har eit mangfold av familietypar, i teori delen har eg nemnt dei mest vanlege. Realiteten er at samfunnet er i endring heile tida noko som gjer at nye familieformar kjem til. Eg kan ikkje ta for meg alle familietypane som eksisterar i Zambia for det har eg ikkje kapasitet til. Ut i frå det har eg tatt for meg dei mest vanlege. Ei anna familie form som er vanleg i Zambia men ikkje nemnt i dei andre intervjuua er stefamiliar. Dette kjem fram i intervju 4 der han fortel om når han fortel korleis han opplevde at foreldra blei skilt. Dette er ein veldig vanleg familieform i Noreg, i likhet med Zambia så er tidleg dødsfall eller skilsmissa dei mest vanlege årsaka til at det dannar seg stefamiliar. Viss foreldra gifter seg på nytt som det var i tilfelle med intervju objekt 4 så vil det få store konsekvensar for barnet. På ei side så vil han få fleire foreldrefigurar å forholde seg til, og ikkje minst halvsøsken.

Steforeldre kan behandle sine eigne biologiske barn annleis enn det dei gjer med stebarna. Grunna den høge statistikken med HIV og AIDS i Zambia så vil det vere naturleg at stefamiliar eksisterar. Dette gjer og at familien og den utvida familien spelar ei så stor og viktig rolle.

Sambuarfamilie som er veldig vanleg i Noreg er ikkje vanleg i Zambia. Grunna tradisjon så skal ikkje kvinner og menn bu saman før dei gifter seg. Fordelen med å bu saman før ein gifter seg blir at du kjenner partneren din betre før du gifter deg. Skilsmissa er ikkje vanskelegare i Zambia enn det er i Noreg. Det som kan gjere det vanskeleg tradisjonane om at du ikkje skal skilje deg.

6.4 Betydninga av ulike familietypar

Som nemnd tidlegare i oppgåva legg rammeplanen legg stor vekt på foreldresamarbeid. Det er viktig å ha kjennskap til dei ulike familietypane for å kunne ha forståing og toleranse for dei. Noreg er eit fleirkulturelt samfunn og for at me skal kunne møte foreldre og barn i barnehagen på ein tolerant måte må me skjønne kvifor dei handlar som dei gjer. Dersom ein familie som nyleg har flytta til Noreg skal ha barnet sitt i din barnehage må du forstå at dei kjem frå ein anna kultur enn den norske og vil dermed ofte handle ulikt. I Noreg er det vanleg at barna skal vere ute i all slags vær og vind. Ut i frå observasjonar gjort i Zambia sprang barna inn når det byrja å regne. Kvifor er det slik? Dette er berre ein av mange kulturelle ulikheitar mellom Noreg og Zambia. Det me pedagogar må forstå er korleis andre menneske som har levd i ein anna kultur vil reagere på noko slikt når det er stikk motsatt av korleis dei lever. I Zambia vil barna mest sannsynleg verte sjuke då dei ikkje har med seg klebyte, medan i Noreg har dei mange ulike kleder avhengig av været, og det er alltid klede som er tilgjengeleg i barnehagen. Foreldre med anna kulturell bakgrunn vil kanskje ha vanskeleg for å forstå korleis barnehage kulturen fungerar. Det er pedagogane sitt ansvar å gjere seg forstått og få foreldra til å forstå kvifor ting er som dei er.

Barnehagen skal ta i mot det mangfaldet av ulike barn og foreldre som ein kan finne i barnehagen. Me skal vere opne for andre kulturar og markere andre kulturar og religionar sine høgtider. Dette er viktig fordi barna skal ha kjennskap til ulike kulturar og ikkje minst skal det opne for toleranse for andre menneske sine verdiar og haldningar. Gjennom barnehagen får barna utvida sitt syn på verda, det er meir enn berre nærmiljøet til barnet som kjem fram. Barnet blir introdusert for ein global verden, med ulike menneske som lever ulikt. I Zambia var det ikkje barnehage for dei minste men heller det som eg vil samanlikna med barneskule i

Noreg. Sidan barna tilbringer store deler av dagen i barnehagen så må personalet ha tilstrekkelig informasjon om kva som føregår i barnets liv utanfor barnehagen. Barnehagen er ikkje lenger ein institusjon der foreldra leverer barnet om morgonen og hentar det på ettermiddagen.

6.5 Korleis familien blir presentert i skulen

I Zambia lærer dei at ein familie består av mor, far og barn. Medan i Noreg er me i barnehagen opne for ulike familietypar. Det er ikkje gitt at familien treng å bestå av mor og far. Barna får vidare fortelje sjølve kva ein familie er. Det er vidare lagt opp til samtale mellom den vaksne og barna om korleis deira familie er. Rammefaktorane mellom Noreg og Zambia er totalt forskjellige, til dømes så er det ofte ein lærar på over tjue elevar. Dette er sjølv sagt noko ein skal tenkje på når ein skal sjå ulikheitar. Læraren i Zambia har ikkje tid til kvart enkelt barn slik som i Noreg.

I intervju 5 og 6 tar eg opp spørsmålet om korleis ein familie blir presentert på skulen for barna i Zambia. Intervju objekt 5 svarar at det er stor skilnad mellom korleis familien blir presentert i skulen og korleis den verkeleg er. Dette fordi dei skal gjere det lettare for barna. Intervju objekt 5 seier at dette berre blir forvirrande for barna. Det er eg i stor grad einig i. Viss barna veks opp med berre ei mor og ingen far, vil barnet då tenkje at den familien han eller ho lever i ikkje er ein familie? Det vil i stor grad vere individuelle forskjellar som avgjer, men at nokon kan tenkje slik er veldig sannsynleg. Spørsmålet ein vidare kan stille seg er om det er rett å framstille dette for barnet? I mitt syn så er det feil, men det er forståelege fordi skulen vil lage eit bilde av begrepet familie. Lærarane kunne valgt ein anna metode og sagt at slik kan ein familie sjå ut, eller vist andre dømer på kva ein familie er. Ikkje seie at dette er ein familie og teikne eit bilet av at kjernefamilien er den einaste og riktige type familie. Ut i frå intervju 5 så seier han og at det er vanleg med kjernefamilie i byen og utvida familie utanfor byen. Det var akkurat i byen eg hadde praksisen min og ikkje utanfor, dette kan og vere noko som gjer at lærarane presenterte ein familie som kjernefamilie fordi dei fleste barna budde i byen og levde i ein kjernefamilie.

Noko anna som kan diskuterast er om det er riktig å gje barna eit inntrykk av kva rollane i familien er. Slik som det blei gjort i skulen så gav lærarane typiske stereotype eksempel på kva som er kvinnas ansvar og kva som ermannens ansvar i familien. Dette er ikkje noko ulikt den rollefordelinga som me hadde i Noreg for ei tid tilbake. Stereotypar om kjønn er vanleg i barnehagar i Noreg den dag i dag, kva som er typiske jente leikar og gute leikar har mange i

barnehagen ein meining om sjølv om dei ikkje tenkjer etter det. Viss du ser ein gut sitt og leikar med barbie vil mange tenkje at det er feil. Det er feil, det er feil for pedagogar å tenkje på stereotypar, du skal ikkje behandle barn ut i frå kva kjønn dei er, barnehagen skal vere ein plass der kjønnsforskjellane blir oppheva. Kva er konsekvensen av at læraren fortel rollene til far og mor? Jo, konsekvensen av det vil etter mitt syn vere at barna vil vokse opp til å tru at slik er samfunnet og at rollene er ferdig lagt. Dei erfaringane eg gjor meg i praksis kan ikkje seie å vere representativt for alle og det er viktig å understreka at det trenger ikkje nødvendigvis vere slik.

7. Avslutning

Gjennom empiri så har det kome fram at ein tradisjonell Zambisk familie er ein utvida familie. Grunna globalisering er den Zambiske familie forma i endring, den tradisjonelle familieforma vert erstatta med kjernefamilien som er vanleg i vestlege kulturar. Når samfunnet endrar seg vil familien endre seg i takt med samfunnet, grunna endringar i familiestrukturen vil rollene til individua endra seg. Rollene er i ferd med å endra seg frå det som før var typiske kvinneroller og mannsroller til å bli komplimentære. Med dette meiner eg at kvinner og menn vil utfylle kvarandre i større grad i familien og overta kvarandres roller etter behov. Det er fortsatt stor skilnad mellom kjønna, dette er ikkje ei endring som vil skje med eingong men gradvis i framtida vil ein kunne sjå at kvinner i Zambia vil få ei sterkare stemme og etter kvart bli likestillte menn. Utdanning blant kvinner er eit viktig reiskap for at dette skal skje. Utan utdanning vil ikkje kvinnene få det same utgangspunktet som menn. Ein typisk Zambisk familie vil eg sei er ein utvida familie som er vanlegvis finner utanfor byane, medan i byane finner me kjernefamiliar eller småfamiliar.

Det er stor skilnad på Zambia og Noreg når det kjem til familie typar. Noreg har lov mot polygami og Zambia har lov mot homofili som er den største kontrasten. Grunnen til at det er slike skilnadar er fordi det er to forskjellige kulturar. Grunna globalisering vil ein sjå som nemnt ovanfor at det familietypane vil endre seg. Det vil sannsynlegvis i framtida kome fram enda fleire familietypar enn det som no er vanleg. Stefamilien er ei familieform i Zambia som er vanleg, dette er i storgrad grunna sjukdom og dødsfall blant ein av foreldra, men og fordi det blir meir vanleg å skilje seg enn det som før var vanleg. Samfunnet endrar seg i den retning at tradisjonane ikkje blir like gjeldande som før.

Det er viktig for alle å ha kjennskap til ulike familietypar for at det skal skape aksept og toleranse for andre mennesker og levemåtar. For pedagogar er det særskilt viktig å kjenne til dei ulike familietypane for å kunne møte foreldre og barn i kvardagen. Noreg er eit fleirkulturelt samfunn og når du møtar foreldre frå andre kulturar må du kunne sette deg inn i og forstå deira verden.

8. Litteraturliste

Bratterud Åse, Emilsen Kari "Barne og familiekunnskap", 2002, Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke

Dahl, Øyvind "Møter mellom mennesker" 2001, Gyldendal Norsk Forlag AS

Dalland Olav "Metode og oppgaveskriving for studenter" 2007, Gyldendal Norsk Forlag AS

Fossen Aud, "Barn og familieliv", 1994, Landbruksforlaget A/S

Larsen Ann Kristin, Slåtten Mette Vaagan "En bok om oppvekst", 2006, Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke

Lukama Sitali "Our Marriages in Zambia", 2007, Creative Producers

Nettkjelder:

([http://www.lovdata.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/usr/www/lovdata/all/tl-19910704-047-002.html&emne=\(\(%20LOV-1991-07-04-47%20I%20\(TITT,DATO\)\)%20\(%201%20I%20PARA%20\)\),%20\(%20LOV-1991-07-04-47-%a71\)&](http://www.lovdata.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/usr/www/lovdata/all/tl-19910704-047-002.html&emne=((%20LOV-1991-07-04-47%20I%20(TITT,DATO))%20(%201%20I%20PARA%20)),%20(%20LOV-1991-07-04-47-%a71)&) besøkt 8/5-09

(<http://www.lovdata.no/all/tl-19860228-008-001.html#5a>) besøkt 8/5-09

<http://www.parliament.gov.zm/downloads/VOLUME%207.pdf> besøkt 6/5-09

http://www.snl.no/.sml_artikkel/polygami besøkt 7/5-09

<http://www.snl.no/bigami> besøkt 7/5-09

[http://www.lovdata.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/usr/www/lovdata/all/tl-19910704-047-002.html&emne=\(\(%20LOV-1991-07-04-47%20I%20\(TITT,DATO\)\)%20\(%204%20I%20PARA%20\)\),%20\(%20LOV-1991-07-04-47-%a74\)&](http://www.lovdata.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/usr/www/lovdata/all/tl-19910704-047-002.html&emne=((%20LOV-1991-07-04-47%20I%20(TITT,DATO))%20(%204%20I%20PARA%20)),%20(%20LOV-1991-07-04-47-%a74)&) Besøkt 7/5-09

[http://www.lovdata.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/usr/www/lovdata/all/tl-19020522-010-024.html&emne=\(\(%20LOV-1902-05-22-10%20I%20\(TITT,DATO\)\)%20\(%20220%20I%20PARA%20\)\),%20\(%20LOV-1902-05-22-10-%a7220\)&](http://www.lovdata.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/usr/www/lovdata/all/tl-19020522-010-024.html&emne=((%20LOV-1902-05-22-10%20I%20(TITT,DATO))%20(%20220%20I%20PARA%20)),%20(%20LOV-1902-05-22-10-%a7220)&) besøkt 8/5-09

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/regpubl/otprp/20052006/Otprp-nr-100-2005-2006-8.html?id=190697> besøkt 5/5-09

<http://www.p4.no/story.aspx?id=260644> besøkt 5/5-09

Vedlegg

Intervju guide 1 Pilot. Intervju objekt 1 og 2, 3 og 4

1. What is a typical/Ideal Zambian family?
2. How is the political view on family life?
3. What roles do the different persons in the family have?
4. Are the women equal to men when it comes to household work? Why/why not?
5. What will you say is the core values in the family?
6. What impact does the western way of living have on Zambian family life?
7. What impact has the church?
8. Is Polygamy legal in Zambia? What are the pros and cons of Polygamy?
9. Is it hard to get a divorce in Zambia?
10. Is family life/way of living different from one tribe to another? For example Losi and Tonga?

Intervjuguide 2. Intervju objekt 5 og 6

1. What is a typical/ideal Zambian family?
2. How is family life presented for the children in preschools/schools? (What do they learn a family consists of?)
3. How is the political view on family life?
4. What roles do the different persons in the family have?
5. Are the women equal to men when it comes to household work? Why/why not?
6. What will you say are the core values in the family?
7. What impact does the western way of living have on Zambian family life?
8. What impact has the church on the family?
9. Is Polygamy legal in Zambia? What are the pros and cons of Polygamy?
10. Is it hard to get a divorce in Zambia? Why/why not? What are some of the reasons to get a divorce?
11. Is family life/way of living different from one tribe to another? Example Losi and Tonga?

Intervjuguide 3. Intervju objekt 7

1. What was the reason to marry a man with more than one wife?

2. How was it like to be married to one man who had more than one wife?
3. How was the living arrangements?
4. How many wives did he have?
5. Was it much conflict between the wives?
6. Did the man have to pay a fee to your parents?
7. How does the other wives react when their husband marries with another woman?
8. How was the living arrangement? Did everybody live under the same roof?
9. What are the benefits and the downsides with having more than one wife?
10. Would you have liked to have more than one husband?
11. How did you divorce the man and why?